

Kunnskapsdepartementet
Boks 8119 Dep
0032 Oslo

Vår ref.:
HF15|13-029

Dykkar ref.:
14/5053-


Dato:
14.01.15

Høyringsvar om endringar i Privatskolelova

Norsk Målungdom sender med dette inn høyringsvar i samband med høyringa om Privatskolelova (ny friskolelov) etter brev av 17. oktober 2014.

Svaret ligg ved dette brevet.

Beste helsing
Norsk Målungdom



Karl Peder Mork
leiar

Høyringsvar om endringar i Privatskolelova

Skrive av Sentralstyret 14. januar 2015.

Språklege omsyn

Skolen er den første og fremste institusjonen for språklæring elevane møter i kvardagen. På skolen lærer elevane å bli trygge i eigen språkbruk, som er avgjerande for viktige språkval elevane skal ta seinare i livet i møte med elevar frå nabokommunen, nabofylket eller frå heilt andre kantar av landet. Det språklege samfunnet elevane skal vera ein del av som vaksne er tufta på byggesteinar av språkleg sjølvkjensle lagt i tidleg alder.

Endringar i Privatskolelova vil særleg påverke små skolekrinsar som har skolar med få elevar. Språkomsyn kjem som ein konsekvens av endringar i elevtalet på skolane og sameining i større skolar med fleire elevar. Skoleforvaltinga er nøydd til å ta språklege omsyn der elevane blir blanda frå forskjellige skolekrinsar der krinsane skil seg i hovudmålsopplæringa.

Norsk Målungdom er usamd i endringsframlegga av to grunnar:

1. Flytting av elevar pressar dei til målbyte

Der kommunen legg ned grendeskolane til fordel for større sentrale skolar, opprettar lokalsamfunna ofte privatskolar. Desse skolane er døme på lokalt initiativ der kommunen ikkje har høve til å yte desse tenestene. At eit grendesamfunn opprettar privatskole betyr ikkje at denne skolen er noko større enn ein tidlegare kommunal skole. Endringsframlegget om å auke elevtalgrensa frå 15 til 30 elevar kan soleis bli avgjerande for eksisterande privatskolar i distrikts-Noreg. Elevane kan bli tvinga til å byte skole som konsekvens av eit sentralt gitt regelverk utan å ha reelt sjølvstendig val.

Ein tendens i skole-Noreg er at dei små grendeskolane ofte er nynorskskolar medan skolen i kommunesenteret er bokmålsskole. Det same mønsteret gjeld og skolar med samisk og kvensk opplæringsspråk. Desse språkgrensene er i seg sjølv ikkje noko problem so lenge skoleverket respekterer elevane sitt hovudmål. Når dei små grendeskolane blir nedlagde, og det ikkje blir oppretta privatskole av lokalsamfunnet, blir elevane overførte til den større kommunale skolen. Viss dei tilflyttande elevane ikkje har same hovudmål som elevane ved den større skolen har, må skolen ta fleire språklege omsyn til den nye samansette elevmassen. Dette må ein sjå i samanheng med rettane elevane har i opplæringslova: «Elevar som blir overførte til ein ny skole med eit anna hovudmål enn det dei har hatt på årstrinna 1-4, har framleis rett til skriftleg opplæring på det opphavlege hovudmålet. Dei har rett til norskundervisning i eiga gruppe, uavhengig av kor mange dei er».

Endringar i Privatskolelova som fører til nedlegging av skolar vil særleg vera eit problem i språkblanda område. Vi veit at målbyte, byte av hovudmål hos elevar, i hovudsak skjer ved overgangen til ny skole eller skoletrinn, som til dømes mellom barneskolen og ungdomsskolen eller ungdomsskolen og vidaregåande skole. Rapporten frå Proba samfunnsanalyse «Undersøkelse av nynorsk som hovedmål», tinga av Utdanningsdirektoratet, slår dette fast. For somme elevar er målbyte eit medvitent val. For dei fleste skjer bytet av seg sjølv fordi den nye skolen automatisk registrerer dei som bokmålslevar uavhengig om dei har vore det tidlegare eller ikkje. Slikt målbyte, målbyte som eleven ikkje står for sjølv, er eit resultat av administrative førehandsinnstillingar. Allereie i dag tvingar skoleverket mange elevar til umedvite målbyte frå nynorsk til bokmål. Med dei føreslåtte lovendringane vil dette bli eit endå større problem.



2. Færre skolar svekkjer mangfaldet

I Noreg har elevar opplæring i hovudmåla nynorsk eller bokmål, i tillegg til at samisk- og kvenskspråklege elevar har krav på opplæring i og på desse språka. Språkmangfaldet blir mindre synleg etter kvart som elevane går over frå barneskole til ungdomsskole, vidaregåande skole og høgare utdanning. Å skape trygge språksamfunn der barna veks opp er det beste middelet for å halde fram med det fleirspråklege Noreg. Den lokale skolen er for mange unge den einaste plassen der ein får møte elevar med det same hovudmålet eller minoritetsspråket som seg sjølv. Skolen skal vera ein stad der ein blir trygg på seg sjølv. Det gjeld ogso språkleg tryggleik.

Viss elevtalgrensa for private skolar endrar seg, vil det ogso påverke den kommunale skolen. I mange kommunar blir det jamnleg diskutert nedlegging av mindre grendeskolar. Ofte fungerer den noverande privatskolelova som eit tryggleiksnett for skolen slik at kommunen ikkje legg dei ned. Lokalsamfunna kan opprette ein privatskole med eit alternativt pedagogisk opplegg som blir ein konkurrent til den offentlege skolen i kommunen. Med dei endringane som er føreslått vil ikkje lokalsamfunna ha dette høvet og kommunane vil ha mindre terskel for å leggje ned mindre skolar. Resultatet blir at elevane overførast til større skolar, noko som i språkblanda områder fører til dårlegare kår for mindretalspråka og utfordringar for elevar som bruker desse språka.

Våre innspel

Norsk Målungdom er den største organisasjonen i Noreg for språkengasjert ungdom, og meiner at alle skal ha høve å rett til å skrive nynorsk. Vi vil fremja nynorsk, dialektbruk og språkleg mangfald på alle samfunnsområde. Skole-Noreg forvaltar nynorsk, bokmål, kvensk og dei samiske språka i Noreg gjennom undervisning til barn og unge kvar einaste dag. Språklege omstende – og innspel – er uunngåelege i omleggingar av skolen.

Norsk Målungdom er usamd i lovendringsframlegga fordi:

- *Aukinga av elevtalgrensa frå 15 til 30 elevar vil presse kommunale skolar til nedlegging, og føre til nedlegging av eksisterande privatskolar.*
- *Skolebyte for elevar frå små grendeskolar til større einingar er ei språksak fordi elevane ved dei forskjellige skolane ofte har forskjellige hovudmål.*
- *Ei slik omlegging av skolen kan, og vil, ha negative språklege ringverknader for nynorskelevar om ein ikkje endrar praksisen som fører til tvinga målbyte.*
- *Dei same språklege utfordringane vil vera aktuelle for elevar med kvensk eller samisk språk som opplæringsspråk.*

